



Eva Megyesi feira nasjonaldagen i flott ny bunad på Rødtunet.

**20.august er Ungarn sin nasjonaldag. Derfor stilte Eva Megyesi i flott ny bunad frå heimlandet då den dyktige kantoren deltok på museumsdagen på Rødtunet. - Vi feirer nasjonaldagen for å minnst at vi fekk Kong Stefan i år 999 e.Kr., fortalde Eva, og la til at museumsdag på Rød var ein fin måte å feira dagen på. Ho hadde tidlegare på dagen spela under gudstenesta i Holmedal kyrkje.**

Eva fortalde at ho lenge hadde ønskt seg bunad, og i sommar då ho var i heimlandet kjøpte ho den flotte bunaden. Ho fortalde at det var spesielle bunader for ulike regionar i Ungarn på same måte som vi har i Norge. Eva ønskte imidlertid ein bunad som vert brukt i heile Ungarn, og det var avgjerande for valget. Bunaden til Eva vert brukt i heile landet. Spesielt for alle bunadene i Ungarn er treinga i bringa. Det var andre gang Eva bruka bunaden sin.

Det var ein stolt kantor som feira nasjonaldagen i den flotte drakta, og ho vart både gratulert og applaudert under gudstenesta i røykstova på Rød

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.